

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### REVIDERT PLAN FOR KOMMUNAL KRISELEIING (KKL) OVERODRNA BEREDSKAPSPLAN

---

Sakshandsamar: Helge Drange

---

Arkivsak : 17/279 -

Arkivkode: 850

---

**... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

**Vedlegg: Framlegg til plan for kommunal kriseleiing (KKL)**

#### SAKSUTGREIING:

Tysnes kommune har i dag plan for kommunal kriseleiing (KKL). Planen vart vedteke i kommunestyret 18. november 2008. Planen har vore oppdatert av rådmannen i perioden når det gjeld namn, nye namn på funksjonar, telefonlister med vidare

I rapporten etter Fylkesmannen i Hordaland sitt tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Tysnes kommune står det om som merknad:

*«Kommunens beredskapsplan er mangelfull med omsyn til skildring av ansvar og roller for medlemmane i den kommunale kriseleiinga (KKL).»*

Det står følgjande utfyllande opplysningar om manglane i planen:

*«Ein føresetnad for å ha ein mest mogleg effektiv og smidig kriseleiing er mellom anna at det er klart for alle som deltek i kriseleiinga kva for rolle og ansvar dei sjølv har når leiinga samlast. Tysnes kommune si beredskapsplan skildrar eit sett med oppgåver for kriseleiinga, men, med eit visst unnatak for ordføraren si rolle, i liten grad kven i leiinga som skal gjere kva. Gjennom dei individuelle samtalan med sentrale representantar i Tysnes kommune kom det fram at også kommunen sjølv har erfart at roller og ansvar i kriseleiinga er uklart. Avgrensing av roller og ansvar i beredskapsplanen bør difor utbroderast, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 anna ledd bokstav a.»*

I den nye reviderte planen har ein presisert, og sett inn eigne skildringar av, korleis varsling skal gjennomførast, korleis KKL skal iverksjetjast. Me har også endra noko på samansetjinga av KKL inklusiv varamedlem og planen tydeleggjer ansvar opp mot rolle og person. Det vert også skildra kva personell som naturleg vil supplera KKL.

I pkt. 3.5 om økonomisk fullmakt sa den førre planen følgjande:

*«I ein situasjon der kriseleiinga er sett i funksjon får rådmannen/ordføraren fullmakt til å nytta inntil kr 500.000,- utover budsjett for å ta hand om kriseleiinga sine oppgåver.»*

I ei alvorleg krisesituasjon som truar eller rammer eit større tal menneske, vesentlege naturressursar eller materielle verdiar, og kor skadeverknaden er, eller kan bli, meir omfattande enn det ordinære driftseiningane har ressursar til å handtera åleine, må Tysnes kommune nytta dei midlar som er nødvendig for å handsama ein kvar situasjon. Av den grunn vert det foreslått å endra økonomisk fullmakt til følgjande i ny revidert plan:

*«Rådmannen kan ta avgjerd om å nytta dei ressursane rådmannen meiner er naudsynt i ein krisesituasjon. Avgjerder etter denne fullmakta skal rapporterast til formannskapet ved fyrste høve.»*

Loggføring av hendingar, tiltake ein set i verk, innkomne henvendingar m.m er viktig å ha med tanke på for eksempel evaluering av kva ein har gjort eller ev. etterspel etter ei hending. Derfor er det sett opp eit eige punkt om loggføring i den reviderte planen. Det bør vera eit mål for kommunen å ta i bruk kriseverktøyet CIM som DSB nyttar, dette er eit spørsmål om opplæring og ressursar og vil vurderast vidare.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

**INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

Plan for kommunal kriseleiing (KKL) vert vedteken slik den ligg føre til denne saka.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**